

Tiltak 5.12	Ta vare på brukbar jord ved større utbyggingar
Skildring:	<p>Større utbyggingsprosjekt krev ofte at masse må flyttast på. Men kvar blir den av? Landbruket har behov for massar, men prosedyrane rundt handteringa og ikkje minst spørsmål knytt til korleis ein skal sikre eller forbetre produktiviteten i dei flytta massane, har vore for dårleg. I tillegg kjem klimagassutslepp frå open jord.</p> <p>Brukande massar kan nyttast lokalt til jordforbetring dersom ein planlegg i tide. Nord-hordlandskommunane har saman med Fylkesmannen i Hordaland gjennomført eit for-prosjekt om korleis ein kan lage rettleiing både til entreprenørar og bønder om dette.</p> <p>Som eit steg på vegen til hovudprosjekt, treng det å bli laga ein søknad og jobbe med å få relevante partar på plass. Det er difor sett av ressursar til prosjektleiar på deltid for våren 2015.</p> <p>Det er framlegg om eit hovudprosjekt med to mål</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. På bakgrunn av eksisterande kunnskap, utarbeide eit avtaleverk og eit regelverk for handtering av mineraljordmasser.</li> <li>2. Søke ny kunnskap for å finne fram til «beste praksis» for handtering av torvjord. Seinare innlemme den i avtale- og regelverk.</li> </ol> <p>I tillegg kan eit hovudprosjekt sjå på muleg bruk av «filler» frå steinknuseverk og tunnelmassar frå tunneldriving etter Madam Felle-metoden. Hovudprosjektet kan også sjå om det er muleg å byggje opp midlertidige anleggsplassar slik at dei kan fungere som teppedrenering med tanke på tilbakeføring til jordbruksføremål. Desse to oppgåvene bør imidlertid få lågare prioritet.</p> <p>Det skal haldast kurs for interesserte bønder og landbruksfolk.</p>
Resultatmål:	Få fram ein partnerskap til hovudprosjektet, søkje om midlar og gjere klar til oppstart av hovudprosjekt i 2015/16
Ønska effekt:	Matjord og gode massar blir tekne vare på slik at vi får mindre klimagassutslepp frå open jord, betre vilkår for jordbruksproduksjon på jorda som er i drift og kanskje meir kortreist mat frå Hordaland.
Ansvar:	?
Partnarar:	Må avklarast, aktuelle kan vere: Fylkesmannen i Hordaland - miljø og landbruk, Forskingsmiljø, repr. For entreprenørar, repr for gardbrukarar, kommunale planleggjarar go landbruksrettleiarar
Kostnad og finansiering:	50.000 frå Klimaplanen til å stable hovudprosjektet på beina og 150.000 frå Klimaplanen til gjennomføring i spleiselag med andre..
Kritiske suksessfaktorar:	
Start og slutt:	2015 – 2016